



**Landbrukskontor for Herøy – Ulstein – Hareid**

Asgeir Idar Thorseth  
Garsholvegen 34  
6065 Ulsteinvik

Vår referanse  
23/2513 23/15501

Dykker referanse

Sakshandsamar  
Bjørnar Eikenes

Dato  
28.08.2023

## **Hjortejakta 2023 - Ulstein - med oppdatert telefonnummer**

Det er under ein månad igjen til jaktstart og vi sender med det ut infoskriv med viktig informasjon. Alle vald og jaktfelt bør gjøre seg kjend med informasjonen før jaktstart.

### **Jakttid**

Jakttida på hjort er 01.09 – 23.12.

### **Skadeskyting og ettersøk**

Det er krav om at alle jegerar/jaktag skal ha skriftleg avtale om tilgang på godkjent ettersøkshund. Det er ikkje lov å jakte utan slik avtale. Ved skadeskyting av hjort eller uavklara situasjon etter påskyting av hjort, skal godkjend ettersøksekvipasje tilkallast og ettersøk gjennomførast.

All jakt i jaktfeltet skal stoggast medan det pågår ettersøk. Pliktig ettersøk på eige vald er den dagen dyret vart påskote og om nødvendig ut dagen etter. Ved ettersøk som går over på anna vald opphører retten til ettersøk og felling ved utgangen av dagen den skadeskotne hjorten kom inn i valdet.

Er ettersøket første dag utan resultat skal jaktrettshavar og kommunen eller politi kontaktast og informerast om situasjonen.

Når pliktig ettersøk er utan resultat skal kommunen avgjere om ettersøket kan avsluttast eller om ettersøket skal halde fram. Den jeger eller jaktag som står for skadeskytinga pliktar å delta utan vederlag ved pålagt ettersøk.

Det er lov å bruke kunstig lys til ettersøk etter påskoten hjort. Men før ein tek i bruk kunstig lys har jegeren plikt til å varsle politi, jaktrettshavar og kommune om bruken.

### **Rapportering av sett hjort**

Det er svært viktig at alle jaktdagar vert registrerte i hjorteviltregisteret/sett og skutt.

Jaktdagar **skal rapporterast anten det er sett hjort eller ikke.** I tillegg til dette skal felte dyr registrerast med rett informasjon (alder, kjønn, slaktevekt osv).

### **Fastsetting av alder på felte dyr**

I dei fleste tilfelle er det fullt mogeleg å bedømme om ein felt hjort er kalv, ungdyr (1,5 år) eller eldre (2,5 år +), om ein sjekkar kjeven/tennene. Dette bør gjerast, for å kunne rapportere med rett alder i hjorteviltregisteret.

Info; <https://www.hjortevilt.no/aldersbestemme-felt-elg-hjort/>

## **Merka hjortar**

### Hjort med gps-klave og øyremerke

Det er no 5 hjortar som er merka med gps-klave og øyremerke i Herøy, Ulstein, Hareid og Sande. Hjort med gps-klave skal IKKJE fellast. Dei merka dyra med gps-klave kan føljast her: [Merka hjort](#).

Om ein er uheldig og likevel feller hjort med gps er det svært viktig at kommunen blir kontakta med det same. Det skal brukast rett verktøy for å fjerne klaven, ikkje kniv eller liknande. Dyret skal vegast, samt at kjeven og øyremerka skal takast vare på.

### Hjort med berre øyremerke

Når dei merka hjortane ikkje har gps-klaven lenger, kan dei fellast på lik linje som andre dyr.

Gje beskjed til kommunen så snart som råd. Øyremerke skal takast vare på. Dyret skal vegast og kjeven skal takast vare på for innlevering

## **Kvotefri jakt på hjortekalv**

I Ulstein kommune har desse valda fått tildelt kvotefri jakt på hjortekalv i 2023;

- Flø
- Dimna
- Eiksund
- Hasund/ Strandabø

Kvotefri jakt på kalv gjeld for alle jaktrettshavarar i valda. Dette vil seie at alle jaktrettshavarar kan felle eit fritt tal kalvar på sin eigen eigedom. Det er sjølv sagt lov å la andre felle kalv på eigedomen.

### Rapportering og fellingsavgift:

Jaktdagar og felling av ekstra kalvar skal rapporterast i hjorteviltregisteret/sett og skutt på lik linje som andre jaktdagar. Det skal betalast fellingsavgift for kvotefrie kalvar på lik linje som andre felte dyr.

## **INNMELDING AV FELTE DYR**

Viltnemnda i Ulstein har gjort vedtak om at ein skal rapportere frå om felte dyr på denne måten: Alle fellingar skal rapporterast til valdsansvarleg som skal gje melding på sms til kontrollør innan 48 timer.

### Meldinga må innehalde opplysingar om:

1. Tidspunkt for fellinga
2. Kva alder og kjønn dyret hadde
3. Kva vald og jaktfelt dyret er felt på
4. Kvar dyret kan kontrollerast
5. Namn på personen som sende meldinga

Ein må ta vare på hovudet til det felte dyret i 48 timer etter at kontrollør har fått melding. Det er ikkje høve til å frakte hovudet ut av kommunen utan at ein på førehand har teke kontakt med Viltnemnda og fått løyve til dette. På same måte er det heller ikkje høve til å fjerne gevir utan løyve frå Viltnemnda. Det vert plukka ut tilfeldige dyr til stikkprøvekontroll. Kontrollen vert utført av kontrollør. Om det vert funne avvik ved kontroll eller om rapportplikta ikkje vert overhalde skal saka sendast til politiet.

Melding om felte dyr:

Stig Grimstad, tlf 928 21 935

## REFUSJONSORDNINGA

Valda i Ulstein kan få ein refusjon tilsvarende 30% av innbetalt fellingsavgift under følgjande vilkår:

- Valdet registrerer sett hjort opplysingar frå alle jaktfelt gjennom den elektroniske løysinga [www.hjortevitregisteret.no](http://www.hjortevitregisteret.no), seinast 14 dagar etter jakta er slutt. Om det er jaktfelt det ikkje har vore jakta på sender valdsansvarleg melding om dette til kommunen.
- Valdet registrerer slaktevekter for alle felte dyr gjennom den elektroniske løysinga [www.hjortevitregisteret.no](http://www.hjortevitregisteret.no), seinast 14 dagar etter at jakta er slutt.
- Fellingsrapporten er levert inn i samsvar med reglane som ligg føre i Forskrift om forvaltning av hjortevit.

## CWD/Skrantesjuke

Symptom på sjukdomen er mellom anna avmagring og unormal framferd. Smitteoverføring skjer via beite, spitt og urin. Det er ikkje kjend at sjukdomen kan smitte til menneske, verken frå dyr eller kjøt. Ser de dyr som kan vere sjuke skal kommunen varslast.

## Melding til kommunen/Viltnemnda

Melding til kommunen gjeld ettersøk, bruk av kunstig lys, om skada og sjuke dyr eller mistanke om skrantesjuke.

Send melding eller ring til Hans-Ole Låbakk, tlf 957 00 657

Ynskjer alle vald god jakt med høgt og godt uttak!

Med helsing

Bjørnar Eikenes  
Sakshandsamar viltnedverv

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

### Mottakar

Einar Atle Dimmen	Garnesvegen 81	6064	Haddal
Erling Ove Flø	Fløvegen 864	6065	Ulsteinvik
Jonny Holstad	Fløvegen 357	6065	Ulsteinvik
Leon Kvalsund	Nykreimsvegen 6	6080	Gurskøy
Reidar Johannes Garnes	Kvalnesvegen 320	6065	Ulsteinvik
Roger Hofseth	Varleiteråsa 3	6065	Ulsteinvik
Ronny Abrahamsen	Årskogsteinen 21	6065	Ulsteinvik
Øystein Haddal	Haddalvegen 5	6064	Haddal
Øyvind Garshol	Dimnasund 1	6065	Ulsteinvik